






SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser timen og start med å sjå <a href="#">Takknemlighet og følelser - YouTube</a>
	<p>Sjå bilete frå filmen og snakk om det de såg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi som bur i Noreg er så heldige: Kva er vi heldige med som bur her?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å telje gledene sine kan kjennast godt for oss. Prøv å telje gledene dine litt heilt stille inni deg. Kom på alt det du er glad og takksam for, og prøv å telje dei!</li> </ul>
	<p>Kva kjenner vi mest takknemlegheit for i kvardagen?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• La elevane jobbe saman i små grupper og gi gruppene arket med kort på. Dei må først klippe dei opp slik at det blir 9 kort.</li> <li>• Så skal elevane leggje korta i rekkje med dei korta dei trur barn i Noreg er minst takksame for på den eine sida, og dei korta dei trur barn er mest takksame for på den andre sida. Dei må diskutere og prøve å bli einige. Det handlar ikkje om kva dei sjølve meiner, men kva dei trur barn flest synest.</li> <li>• Etter nokre minutt let du kvar gruppe fortelje kva for to kort dei har på kvar side av skalaen og kvifor.</li> <li>• Så skal elevane leggje korta på nytt, men etter spørsmålet – kva burde barn vere mest takksame for?</li> </ul> <p>Poenget her er mest at elevane snakkar saman og vurderer ting dei truleg tek for gitt i kvardagen.</p>
	<p><b>Keisaren sine gamle klede:</b></p> <p>No har elevane forhåpentlegvis oppdaga at nye, fine klede ikkje er det viktigaste. Samstundes er det mange som heile tida ønskjer seg nye klede, slik som keisaren i eventyret.</p> <p>Bruk filmen eller fortel/les eventyret.</p> <p>Det gjekk ikkje så bra med keisaren. No skal vi late som om vi er tenarane til keisaren:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis kan vi overtyde han om at det er betre å ha dei kleda han allereie har, i staden for å kjøpe desse nye magiske kleda?</li> <li>• Kan de kome på noko de kan seie til keisaren for at han heller skal setje pris på det han allereie har – i staden for å ønskje seg noko nytt?</li> </ul> <p>La elevane samarbeide i grupper og rollespele samtalen der dei får keisaren til å like kleda han har frå før. Hugs å lage ein lukkeleg slutt!</p>

Om tinga våre kunne snakke:



CGI Animated Short Film HD "Last Shot" by Aemilia Widodo | CGMeetup

Sjå historia om fotoapparatet som blei kasta fordi det ikkje fungerte så godt lenger: [CGI Animated Short Film HD "Last Shot" by Aemilia Widodo | CGMeetup - YouTube](#)

Når jenta fekk tilbake fotoapparatet sitt, kom ho på kor glad ho var i det. No skal vi jobbe med ein bingo der vi skal finne ting, kome på ting, tenkje, seie og gjere – for å lære om takknemlegheit.

Takknemlighetsbingo

Tenk på tre ting du er glad for før du legger deg.	Finns en ting du hadde glemt du hadde - og bruk den.	Si takk for hjelpen til noen.	Hjelp noen uten å bli spurt.	Finns noe du elsker som du har hatt veldig lenge og liker godt.
Finns en ting du bruker hver dag - hvorfor er den viktig?	Si noe fint til noen.	Del noe med noen.	Tenk på noe du har som ikke alle har.	Gjer noe hyggelig hjemme.
Si til noen at du setter pris på dem.	Legg merke til noe du får til på skolen.	☆	Finns noe du som bruke sammen med andre.	Si takk for maten.
Tenk på fem personer du er glad for.	Si takk for noe du vanligvis ikke takker for.	Finns noe ute som du synes er fint.	Inviter noen med i lek eller aktivitet.	Tenk på noe du gjorde deg over i dag.
Finns en plass du liker å være.	Gjer noe som får andre til å bli glad.	Tenk på noe du har lært som du ikke kunne før.	Gjer noe gøy uten skjerm.	Si noe positivt til deg selv.

→ Sett kryss når du har gjort oppgavene - hvor ferd får du bingo?  
 → Hvor mange klomer du på ei uke?  
 → Hvor glad kjener du deg når brettet er fullt?

I løpet av ei veke er det fint om elevane får bruke kvart sitt takknemlegheits-bingoark. Skriv ut eitt til kvar og la dei starte litt no i timen. Nokre kan dei gjere berre ved å tenkje, andre passar best heime.

Klarer nokon å få bingo med ein gong?

Nytt er ikke alltid best



CGI Animated Short Film "Embarked" by Adele Hawkins, Mikel Mugica and Soo Kyung Kang | CGMeetup

Her er ein annan film de eventuelt kan sjå i løpet av ein eller fleire timar om temaet. Nytt er ikkje alltid best!

[CGI Animated Short Film "Embarked" by Adele Hawkins, Mikel Mugica and Soo Kyung Kang | CGMeetup - YouTube](#)

- Etter filmen kan elevane prøve å kome på kva leiker eller ting dei har slutta å bruke av ulike grunnar. Er det nokon andre som kan få glede av dei no? Eller kanskje dei vil begynne å bruke dei igjen?